

## **Utviklingsavtale for Høgskulen på Vestlandet (HVL) 2023 – 2026**

I avtaleperioden skal HVL bli eit profesjons- og arbeidslivretta universitet, og måla i avtalen er retta mot tre prioriterte utviklingsområde; kvalitet og gjennomslag i forsking, profesjons- og arbeidslivsretta utdanningar og HVL som ein fleircampusinstitusjon med ei tydeleg regional rolle.

Måla i utviklingsavtalen er integrerte i den nye verksemderestrategien til HVL, som skal gjelde frå 2023 til 2030. Måla i utviklingsavtalen har derfor eit meir langsigtig perspektiv enn fire år. I den utdjupande skildringa av kvart mål er merksemda retta mot kor langt vi vil komme i realiseringa av måla i denne avtaleperioden.

Vi skal følgje opp måloppnåinga gjennom styringsparametrar. Kvar parameter blir vurdert ut frå eit utval av kvalitative og kvantitative indikatorar. Døme på relevante indikatorar er lista opp under kvar parameter.

### **Mål**

#### **1. Forskinga vår har høg internasjonal kvalitet og får gjennomslag i samfunns- og arbeidsliv.**

I perioden vil vi styrke forskinga ved å vidareutvikle eksisterande forskingsmiljø og bygge fleire nasjonalt og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø. Vi utviklar og gjev prioritet til tverrfagleg forsking som byggjer på fagleg djupnekunnskap. Vi forskar saman med samfunns- og arbeidsliv, aukar den eksterne forskingsfinansieringa og styrker innsatsen for å gjere forskinga meir open.

Forskinga blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidsliv, også internasjonalt. Forskartalent og dyktige forskingsleiarar får utvikle seg og driv forskingsfelt framover, noko som også gjer oss meir attraktive som arbeidsplass og samarbeidspartner.

#### **Styringsparametrar:**

##### **1. Auka kvalitet i forskinga.**

Relevante indikatorar kan vere talet på vitskaplege publiseringar per vitskaplege årsverk, omfanget av ekstern forskingsfinansiering per vitskaplege årsverk, delen av professorar blant vitskaplege årsverk totalt og data om kompetanseheving i forskingsleiringa.

##### **2. Auka gjennomslag i samfunns- og arbeidsliv**

Relevante indikatorar kan vere omfanget av deltaking i nasjonale ekspertråd, data frå medieanalyser, omfanget av aktiv deltaking i nettverk og klynger, data om studentdeltaking i forsking, data om korleis brukarmiljø blir trekte inn i forsking og tilsikta effektar av forsking (impact).

##### **3. Større grad av tverrfagleg forskingssamarbeid.**

Relevante indikatorar kan vere talet på søknader og tildelingar til tverrfaglege forskingsprosjekt.

#### **2. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidas kompetansebehov.**

I perioden vil vi styrke tilbodet av utdanningar med høg kvalitet og med gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d. Kortare utdanningar skal vi kunne innpasse i gradsstudia.

Studietilbodet vårt skal vere fleksibelt og tilpassa studentar i ulike livsfasar. Høge søkerantal til studia og god gjennomstrøyming er føresetnad for å lykkast, og vi arbeider målretta med marknadsføring, relevans og tilgjengelegheit.

Vi har eit inkluderande, mangfaldig og internasjonalt læringsmiljø som er stimulerande og tilgjengeleg. Vi vektlegg studentaktive lærings- og undervisningsformer som engasjerer og fremjar læring på både fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Praksis er ein særleg viktig læringsarena, og vi skal arbeide for å gje studentar tilbod om praksis i fleire studium. Det at studentar blir inkluderte og tek del i forsking, hevar kvaliteten i utdanningane våre.

Styringsparametrar:

*4. Auka grad av relevans i studietilbodet.*

Relevante indikatorar kan vere talet på kandidatar i relevant arbeid, omfanget av ekstern finansiering av utdanningstilbodet, søkjartal, omfanget av og relevansen i praksisen på studia, tilbakemeldingar frå arbeidsgjevarar og talet på delte stillingar.

*5. Auka kvalitet i utdanningane.*

Relevante indikatorar kan vere tal knytte til gjennomstrøyming i gradsutdanningane, delen av bachelor- og masteroppgåver som inngår i forskingsprosjekt ved HVL eller er utførte i samarbeid med samfunns- og arbeidsliv, tal knytte til internasjonal studentmobilitet, søkjartal, vurderinger av og data om samarbeid mellom tilsette og studentar, tal knytte til fråfall, data frå Studiebarometeret og Sisteseleverundersøkinga.

*6. Meir fleksibilitet i studietilbodet vårt.*

Relevante indikatorar kan vere omfanget av ekstern finansiering av utdanningstilbodet, omfanget av fleksible studium og søkjartal.

**3. Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.**

I perioden vil vi utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og styrke rolla vår i den regionale utviklinga. I samskapninga med samfunns- og arbeidsliv tek vi ei leiande rolle, og vi er ein sentral brubyggjar og føretrekt samarbeidspartar. Vi utviklar fleircampusuniversitetet og hentar ut gevinstar av samarbeid på, og på tvers av fleire, campusar. Vi skal styrke alle campusane våre som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av høgt fagleg nivå, kultur for samarbeid og god trivsel.

Styringsparametrar:

*7. Graden av gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar.*

Parameteren blir vurdert ut frå oppfølging av vedtekne planar, med tiltak for campusutvikling.

*8. Auka omfang av samskaping.*

Relevante indikatorar kan vere talet på felles forskingssøknader på tvers av campusar og fagmiljø, talet på regionale partnarskap, talet på delte stillingar, talet på kandidatar innan offentleg ph.d. og nærings-ph.d. og omfanget av nasjonale og internasjonale prosjekt med regionale samarbeidspartar.

*9. I kva grad arbeidsmiljøet fremjar mangfold, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid.*

Relevante indikatorar kan vere resultat frå arbeidsmiljøundersøkingar og oppfølging av tiltak, data om rekruttering og utskifting, rapportering og data knytte til likestilling og mangfold.